

Møteinnkalling

Utval: **AU i verneområdestyret for SVR**
Møtestad: Møterom i Hovdetun, Hovden
Dato: 19.9.2016
Tidspunkt: 10:00

Sakliste

| Utvals- saksnr | Innhald | Lukka | Arkiv- saksnr |
|---------------------------|--|--------------|--------------------------|
| ST 17/16 | Godkjenning av innkalling og sakliste | | |
| ST 18/16 | Val av ein representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar | | |
| ST 19/16 | Orienteringssaker | | |
| ST 20/16 | Vidareføring av arbeidet med å vurdere nasjonalpark i delar av SVR | | |
| ST 21/16 | Godkjenning av høringsutkast av forvaltingsplan for Hovden Landskapsvernområde - Lislevatn naturreservat og Vidmyr naturreservat | | 432.2 |
| ST 22/16 | Eventuelt | | |

ST 17/16 Godkjenning av innkalling og saksliste

ST 18/16 Val av to representanter til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar

ST 19/16 Orienteringssaker

Arkivsaksnr: 2016/13908-0

Sakshandsamar: Tarjei Haugen

Dato: 12.9.2016

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|--------------------------------|-----------|------------|
| AU i verneområdestyret for SVR | 20/16 | 19.09.2016 |

Vidareføring av arbeidet med å vurdere nasjonalpark i delar av SVR

Forslag til vedtak

AU ynskjer at saka vert lagt fram til diskusjon på møte i verneområdestyret 1. desember med utgangspunkt i diskusjonen og innspela under AU-møtet.

Saksopplysningar

Spørsmålet om delar av landskapsvernområda i SVR bør få status som nasjonalpark har vore opp til diskusjon i alle styreperiodar sidan den regionale forvaltinga vart innført i 2011.

Spørsmålet er og diskutert med rådgjevande utval, administrativt kontaktutval, Statskog og fjellstyra. Det har i tillegg vore orienteringar om saka i aktuelle kommunar, og det er også avhalde orienteringsmøte med private grunneigarar i enkelte kommunar.

Erfaringar med nasjonalparkar andre stader i landet har dessutan vore tema på seminar under Heidedagane i 2015 og på studietur for verneområdestyret 22. – 24. august i år.

Arbeidsutvalet må oppsummere inntrykka og erfaringane frå denne studieturen og førebu handsaming av spørsmålet på styremøtet som er planlagt 1. desember.

Vurdering

Etter sekretariatet si meining er det særleg fire problemstillingar vi må avklare i den vidare prosessen:

1. Viktige punkt i verneforskrifta for ein nasjonalpark i SVR.

Eksempel på dette kan vere:

- Reglar for motorferdsel generelt.
- Høve til å gi dispensasjon til motorferdsel på vatn på visse vilkår.

- Forbud mot flyging under 300 m – med unntak av leiting etter sau og villreinteljing.
 - Reglar for nye typar av friluftsliv – sykling, kiting ...
 - Høve til å gi dispensasjon til utviding av hyttar, bygging av uthus og nybygg for saueneæringa.
 - Reglar for bruk av droner.....
2. Omfanget av ein eventuell nasjonalpark i SVR
 - Njardarheim (Statskog) om lag 482 km²?
 - Njardarheim og fjellstyra sitt areal om lag 755 km²?
 - I tillegg kanskje enkelte private areal?
 3. Kva kan vi sjå for oss av positive fylgjer for verneområdet og kommunane dersom det vert ein nasjonalpark i delar av SVR?
 4. Den vidare prosessen i verneområdestyret, kommunane og hos private grunneigarar og brukarar av heia.

Vi ber AU diskutere desse problemstillingane for å gi forvaltingssekretariatet signal om korleis vi skal førebu styremøtet 1. desember.

Arkivsaksnr: 2016/4564-0

Saksbehandler: Alf Odde

Dato: 14.09.2016

| Utvalg | Utvalgssak | Møtedato |
|--------------------------------|------------|------------|
| AU i verneområdestyret for SVR | 21/16 | 19.09.2016 |

Godkjenning av høringsutkast til forvaltningsplan for Hovden landskapsvernområde, Lislevatn naturreservat og Vidmyr naturreservat

Forvalters innstilling

Arbeidsutvalet godkjenner høringsutkastet til forvaltningsplan for Hovden landskapsvernområde, Lislevatn naturreservat og Vidmyr naturreservat, med dei endringane som kom fra under møtet.

Arbeidsutvalet ber forvaltningssekretariatet sende planen ut på høring så fort som råd. Arbeidsutvalet ber og forvaltningssekretariatet ta initiativ overfor Fylkesmannen i Agder, for å starte arbeidet med ei endring av verneføreskrifta for Hovden landskapsvernområde, slik at motorferdsla i viktige område for villreinen kan regulerast.

Saksopplysninger

Etter at verneområdestyret tok over forvaltningsmynde for dei tre verneområda ved Hovden, vart arbeidet med forvaltningsplanen teke opp att. Fylkesmannen i Aust Agder hadde eit oppstartsmøte i 2010, men etter dette stoppa arbeidet opp.

Forvaltningssekretariatet sendte ut ny oppstartsmelding 17.02.2016 arrangerte nytt oppstartsmøte. Eit utkast til plandokument vart utarbeida av prosjektmedarbeidar Jorunn Haugen, og planutkastet vart sendt til Miljødirektoratet for fagleg godkjenning 23.06.2016. SVR mottok den faglege godkjenninga frå Miljødirektoratet 29.08.2016, saman med nokre faglege innspel til planutkastet. Dei faglege innspela er nå innarbeidd i dokumentet og planen er nå klar til å sendast ut på høring.

Vurdering

Så langt har prosessen med forvaltningsplanen for dei tre verneområda ved Hovden vore god. SVR har fått konstruktive innspel frå både grunneigarar og Bykle kommune. Ein reknar og med at ytterlegare innspel vil komme gjennom høringsprosessen.

Den største utfordringa ligg i at verneføreskriftene er gamle slik at fleire viktige tema ikkje er omtala.

Dette gjeld særleg for Hovden landskapsvernområde kor mellom anna motorferdsel ikkje er nemnt i verneføreskrifta. Dette medfører at dispensasjonssøknader må handsamast av Bykle kommune etter lov om motorferdsel i utmark. Hovden landskapsvernområde grenser opp mot SVR ved Breidvatn nord for Hovden. På SVR sida ligg det eit trekkområde for villrein med restriksjonar for motorisert ferdsl. Dei tilgrensande områda i Hovden landskapsvernområde er minst like viktige for villreinen, men her er motorferdsel til ein del føremål ikkje ein gong søknadspliktig.

Samstundes er det i verneføreskrifta ei formulering som seier at:

«Forvaltningsstyresmakta kan gi nærare føresegner om regulering av motorisert ferdsl i heile eller delar av området dersom dette blir naudsynt av omsyn til naturmiljøet»

I denne samanhengen vil Fylkesmannen i Agder være forvaltningsstyresmakta. I utkastet til forvaltningsplan er det foreslått at det utarbeidast slike føresegner for regulering av motorferdsel etter mønster av dei som gjeld for SVR. Fram til desse eventuelt er på plass inneheld planen ei oppmoding om at Bykle kommune handsamer søknader om motorferdsel i samsvar med retningslinjene i Forvaltningsplan for SVR.

ST 22/16 Eventuelt